

Tilskott til læremiddel

Utdanningsdirektoratet lyser kvart år ut tilskott til materiell til prioriterte fagområde i rammeplanen for barnehagar og prioriterte fag i grunnskolen og vidaregåande opplæring.

Vi gir tilskott til å utvikle læremiddel som det ikkje er ein kommersiell marknad for. Vi prioriterer digitale læremiddel/materiell og læremiddel/materiell som er nyskapande.

Du finn prioriteringar og søknadsskjema under under fanen "Utlysing 2019".

Frist for søknadar er 30. august 2019. Vi kan dessverre ikkje ta omsyn til ettersendingar, korrigeringar eller supplement som kjem etter dette.

Samling om tilskott til læremiddel blir arrangert 3. juni 2019

Sist endret: 29.05.2019

 Last ned som PDF

 Skriv ut

Beregningsmodell – tilskudd læremidler

Rapportering læremiddelstøtte

Maler for underveisrapportering og sluttrapportering.

1. Kva gir vi støtte til?

2. Vurdering av søknaden

3. Utlysing 2019

Kva gir vi støtte til?



Om særskild tilrettelegging

Vi gir støtte til materiell og læremiddel som bidreg til at individ med funksjonsnedsetjingar har likeverdige vilkår og det same rommet for utvikling som alle. Dette omfattar tilpassingar i form, innhald, tilgjenge, vanskegrad og arbeidsform. Materiellet eller læremidla skal bidra til å inkludere alle barn og unge i fellesskapen.

Vi støttar òg særskilt tilrettelagde materiell og læremiddel som avhjelper ei funksjonsnedsetjing gjennom stor grad av individuell tilrettelegging. Det bør vere mogleg for andre å kunne bruke materiellet/læremiddelet.

Særskild tilrettelegging kan dreie seg om

- innlesen lyd
- synstolking av filmar
- innhald (fleire differensieringsnivå, langsam progresjon, bruk av bilete, filmar, simuleringar og animasjonar som støttar innhaldet)
- språkleg tilrettelegging (alternative tekstar og oppgåver, omgrepforklaring, teiknspråk, grafiske teikn)
- design og funksjonalitet tilpassa barn og unge med motoriske vanskar og synsvanskar
- tilrettelegging for bruk av assisterande teknologi (leselist, augestyling, zoomtekst, brytarstyling)



Om minoritetsspråklege

Utdanningsdirektoratet gir støtte til materiell og læremiddel som sørgjer for fleirkulturelle og fleirspråklege

perspektiv:

Fleirkulturelle perspektiv betyr at materiellet/læremiddelet har ei internasjonal forståingsramme som grunnlag for framstillinga, og at ein ikkje legg til grunn ei «norsk» forståingsramme.

Fleirspråklege perspektiv betyr at noko av innhaldet blir tilrettelagt på fleire språk, og at munnlege ferdigheiter blir utvikla i samanheng med skriftlege ferdigheiter. Dette kan skje ved at ord og omgrep blir forklarte skriftleg og munnleg på norsk og morsmål i ein digital ressurs.

Fornye og leggje til rette betyr å vidareutvikle eksisterande læremiddel. Eksempel på dette er å utvikle fleire språkversjonar med tekst, bilete og lyd av det same læremiddelet. Målet er at alle kan bruke same læremiddelet. Eit anna eksempel er å gjere materiellet/læremiddelet modulbasert. Dette gjer det mogleg å ta i bruk enkelte delar av læremiddelet.



Om universell utforming

Med universell utforming meiner vi at flest mogleg kan bruke materiellet og læremiddelet. Dette inneber å utforme materiellet/læremiddelet på måtar som sikrar tilgjenge og gjer det brukarvennleg.

Frå januar 2018 må alle nye digitale læremiddel oppfylle krava i [Forskrift om universell utforming av IKT-løsninger](#). Utdanningsdirektoratet set same krav til materiell til barnehagar.

Eksisterande læremiddel har plikt til å vere universelt utforma innan 1. januar 2021. For ei oversikt over krava og forslag til korleis desse kan løysast, sjå [Difis løsningsforslag for web](#).

Tilskottsordninga kan gi støtte til - vidareutvikling av eksisterande materiell/læremiddel slik at dei tilfredsstillar krava til universell utforming. At læremidla/materiellet blir brukarvennlege, er ikkje sikra gjennom å oppfylle tekniske krav. Det er viktig å kjenne behova til ulike brukargrupper og ta omsyn til desse når læremidla/materiellet blir planlagde, utvikla og brukartesta.



Om læremiddel for smale fag

Med smale fag meiner vi fagområde med få elevar på landsbasis. Støtte til å utvikle læremiddel blir gitt ut frå bestemte elevtalsgrenser. Elevtalsgrensene er ulike for ulike typar prosjekt.

Elevtall	Utgåve	Beskriving
Under 100 elevar	Fellesspråkleg digital utgåve	60 prosent av teksten på bokmål og 40 prosent av teksten på nynorsk eller omvendt. Det blir gitt tilskott til eitt læremiddel-prosjekt per fag og berre til digitale læremiddel- 101–300 Basis- og parallellutgåve, digitale utgåver Det blir gitt tilskott til eitt læremiddel-prosjekt per fag og berre til digitale læremiddel.
101-300	Basis- og parallellutgåve, digitale utgåver	Det blir gitt tilskott til eitt læremiddel-prosjekt per fag og berre til digitale læremiddel.
301–1000	Basis- og parallellutgåve	Det blir gitt tilskott til eitt læremiddel per fag. Trykt og digitalt.
1001–3000	Basis- og parallellutgåve, digitale utgåver	Det blir gitt tilskott til eitt læremiddel-prosjekt per fag og berre til digitale læremiddel.



Om parallellutgivingar på nynorsk

Alle læremiddel skal vere tilgjengelege samtidig på både bokmål og nynorsk. Læremiddel som ikkje tilfredsstillir krava til å få støtte frå ordninga «Tilskott til læremiddel», kan likevel søkje om støtte til produksjonen av nynorskutgåva.

Læremiddelprodusentar kan søkje om støtte til både å produsere parallellutgåva til ferdig utvikla læremiddel og ferdige parallellutgåver i fag.

Prosjekt som allereie har teke imot tilskott frå «Tilskott til læremiddel», og som er under utvikling, har ikkje anledning til å søkje.

Elevtal	Utgåve	Beskriving
1001-8000	Parallellutgåve, nynorsk	Inntil to læremiddelprosjekt per fag. Trykte og digitale læremiddel.



Om nyskaping

Utdanningsdirektoratet ønskjer at tilskotta skal bidra til nyskaping innanfor dei områda ordninga dekkjer. Nokre eksempel på dette er beskrivne nedanfor.

Adaptive læremiddel tilpassar oppgåvene til kva forkunnskapar og ferdigheitsnivå den enkelte har, og tek utgangspunkt i dette for vidare progresjon. At oppgåvene verken er for lette eller for vanskelege, gir meistringsfølelse.

Utvida verkelegheit (Augmented reality – AR) brukar teknologi som viser lag med digital informasjon oppå fysiske omgivnader. Informasjonen erstattar ikkje verkelegheita, men utvidar henne med for eksempel tekst, animasjon, video eller spelelement.

Virtuell verkelegheit (Virtual reality – VR) gir ei simulert digital verkelegheit der brukaren opplever å vere fysisk til stades i eit anna miljø. Miljøet kan bestå av kombinasjonar av animasjon, video og lyd og sanseintrykk. Brukaren vil kunne interagere med omgivnadene.

Modulbasert gjer det mogleg å bruke enkelte delar av materiellet/læremiddelet uavhengig av resten. Dette kan gi individuell tilpassing for den enkelte eleven.

Omvendt undervisning inneber at elevane får undervisning/videoforelesingar på nett og bruker meir tid på lærestaden til å løyse oppgåver og arbeide i grupper. Dette gir lærarane betre tid til personleg rettleiing. Elevane kan følgje undervisninga tilpassa eige nivå og i eige tempo og får meir rom til repetisjon.

Spelbasert læring betyr at ein utnyttar element frå spelverda for å skape ei ramme for læring og inkludering. Problemløysingar og verbalisering bør enkelt kunne overførast til kompetansemåla. Det kan vere gunstig med ei lærarrettleiing som tek opp korleis læraren kan støtte undervisningsforløpet.

Vurdering av søknaden



Absolutte krav

For at søknadene i det heile skal vere aktuelle for tilskott og få bli vurdert nærmare, må dei oppfylle nokre absolutte krav:

- Prosjektet som søker støtte, må vere innanfor prioriteringane i utlysinga for året.
- Søklarane må oppfylle dei formelle krava som blir stilte. Sjølv om dette skal svarast på med ei «sjølvmelding», må alle søkjarar kunne leggje fram den relevante informasjonen (sjå i søknadsskjema) når Udir gjennomfører ein stikkprøvekontroll.
- Det må vere tilstrekkeleg og relevant kompetanse i prosjektgjennomføringa.
- Prosjektet må forplikte seg til å utvikle eit læremiddel som tilfredsstillir dei obligatoriske krava til universell utforming.
- Prosjektet må forplikte seg til å utvikle eit læremiddel som rettar seg etter obligatoriske krav til personvern (GDPR).
- Læremiddelet skal utformast i samsvar med likestillingslova, fremje likeverd og hindre diskriminering.
- Omsynet til det fleirkulturelle samfunnet skal sørgjast for gjennom å bekrefte identiteten til barna og elevane og utvide perspektivet deira.
- Læremiddelet skal vere tilgjengeleg på bokmål og nynorsk til den same tida og til den same prisen.
- Dersom det er digitale komponentar i læremiddelet, skal det brukast tekniske løysingar som gjer det mogleg å leggje til rette for å setje om til samisk.
- Søkjaren skal, utan vederlag, sørgje for at trykkeriet overlèt manus i elektronisk form til statlege produsentar av tilrettelagde utgåver til synshemja og lesehemja eller til personar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon. Innhaldet i det elektroniske manuset må vere identisk med den endelege utgåva og vere tilgjengeleg i ei utgåve og eit format som kan arbeidast med på vanleg datamaskin. Manuset må vere strukturert, og uthevingar, overskrifter osb. må vere identifiserte med kodar.
- Søkjaren skal stå for drifta og vedlikehaldet av digitale komponentar i minst fem år frå dei er tilgjengelege, og lærebøker skal òg vere tilgjengelege i minst fem år frå dei er produserte. Dette skal utgjere eigenandelen i prosjektet. Søkjaren skal òg forplikte seg til å dele erfaringane med utviklinga av læremidla med andre læremiddelutviklarar.



Vurderingar

Prosjektet/søknaden blir vurdert ut frå

- kor godt ein rettar seg etter kvalitetskrava til læremiddel. Sjå søknadsskjema.
- kor nyskapande materiellet/læremiddelet er
- om det finst ei lærarretteiing og/eller ei brukarretteiing som viser korleis læraren eventuelt kan bruke materiellet/læremiddelet retta mot minoritetsspråklege og individ med særskilde behov.
- fagfornyinga vil danne grunnlaget for implementeringa av nye læreplanar etter følgjande framdriftsplan:
2020/2021: trinn 1–9 + VG1
2021/2022: trinn 10 + VG2
2022/2023: VG3
- Læremiddel som byggjer på dei læreplanane som skal implementerast i 2020, treng rask realisering. For prosjekt som er kvalifiserte til tilskott, vil vi derfor leggje vekt på tidspunktet for når den læreplanen som læremiddelet byggjer på, blir implementert.



Budsjettavgrensingar

Sjølv om eit prosjekt oppfyller dei absolutte krava og får ei godkjend vurdering, er det ikkje gitt at det vil få tilskott.

Utdanningsdirektoratet har ei budsjettamme for tilskott til læremiddel og kan ikkje overskride denne. Viss summen av prosjekt som er kvalifiserte til tilskott, overskrid denne ramma, vil vi prioritere prosjekta ut frå vurderingskriteria. Somme prosjekt som **kunne** fått tilskott, vil på dette grunnlaget få avslag.

Utlysing 2019



Hvem kan søke?

Bedrifter som oppfyller de formelle kravene i søknadsskjemaene, kan søke om støtte. Unntak frå dette er bedrifter som får en annen offentlig finansiering for å produsere materiell eller læremidler. Privatpersoner kan ikke søke om støtte.



Generell prioritering

Årets prioritering tar hensyn til det pågående arbeidet med fagfornyelsen og endringer i tilbudsstrukturen for fag- og yrkesopplæringen. Begge disse prosessene vil medføre et stort antall nye læreplaner. Vi oppfordrer læremiddelprodusentene til å følge med på disse prosessene under planlegging og gjennomføring av sine prosjekter.

Tilskuddsrammen for 2019 vil være på ca. 95 mill. kroner. Søknadsfristen er 30. august 2019.

Generell prioritering

Fagfornyelsen danner grunnlag for en prioritering som går på tvers av de ulike kategoriene det kan søkes tilskudd til. Implementering av nye læreplaner som følger av fagfornyelsen vil skje etter følgende framdriftsplan:

2020/2021: Trinn 1 – 9 + VG1

2021/2022: Trinn 10 + VG2

2022/2023: VG3

Læremidler som bygger på de læreplanene som skal implementeres i 2020 trenger rask realisering. For prosjekter som i utgangspunktet er kvalifisert til tilskudd vil vi derfor legge vekt på tidspunktet for implementering av den læreplanen som læremidlet bygger på.

Direktoratet er opptatt av å få produsert mest mulig materiell og læremidler for et begrenset budsjett. For å sikre nøkterne budsjetter har vi derfor i budsjettskjemaet som er lagt ut på våre nettsider, operert med en standard timepris for produsentenes interne kostnader ved utvikling av digitale læremidler. Tilbakemeldinger tyder på at det med utgangspunkt i dette skjemaet da blir vanskelig å fange opp produsentenes indirekte, interne kostnader. Ved utlysningen for 2019 åpner vi derfor for at læremiddelprodusentene i dette skjemaet kan benytte den kalkulerte timepris som de selv mener dekker deres indirekte kostnader på en tilfredsstillende måte. Forutsetningen er at denne kalkulerte timeprisen oppgis i skjemaet. Siden det er direktoratets formål å få produsert flest mulig læremidler innenfor den gitte budsjettrammen, vil den oppgitte timeprisen inngå i vurderings- og prioriteringsgrunnlaget ved søknadsvurderingen

På grunn av fagfornyelsen er det et stort behov for å få rask effekt av tildelte midler. Prosjekter som har ferdigstilling mer enn 2 år fram i tid, dvs. senere enn 2021, vil derfor få redusert prioritet, dersom det ikke foreligger spesielle grunner som framkommer av søknaden.



Minoritetsspråklige

Læremiddeltilskudd – språklige minoriteter – prioritering 2019

- Engelsk for nybegynnere på ungdomstrinn og videregående skole
- Alfabetisering for elever på ungdomstrinn og videregående skole
- Læremidler til læreplaner for forberedende voksenopplæring (FVO)
- Læremidler for yrkesfag

Nyutvikling av læremidler som stimulerer til utforsking, kreativitet og problemløsning sammen med andre elever vil bli prioritert. Det er ønskelig med læremidler som støtter tospråklig opplæring. For yrkesfag og FVO vil det telle positivt at læremiddelet også er tverrfaglig og støtter både norsk- og fagundervisning.

Prioriterte språk: Arabisk, somali, tigrinja, kurdisk, dari, pashto, polsk og litauisk

Søknadsskjema: Søknad om tilskudd – minoritetsspråklige barn og elever



Særskilt tilrettelagt materiell/læremidler

Prioritering 2019

A: Nyutvikling av digitale læremidler som stimulerer til utforsking, tverrfaglig arbeid, kreativitet og problemløsning sammen med andre elever. Læremidler som legger til rette for ulike særskilte opplæringsbehov i et inkluderende læringsmiljø vil bli prioritert.

B: Videreutvikling av digitale læremidler/materiell med særlige tilpasningsmuligheter. I år prioriteres følgende områder:

- Tilrettelegging for barn og unge med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)
- Tilrettelegging for elever med synsvansker
- Tilrettelegging for elever med hørselsvansker
- Tilrettelegging for elever med språk, lese- og skrivevansker
- Tilrettelegging for elever med særskilte behov for struktur og forutsigbarhet.
- Særskilt tilrettelagt materiell eller læremidler som avhjelper en funksjonsnedsettelse og svarer til et identifisert behov gjennom stor grad av individuell tilrettelegging. Tilskuddsmidlene kan støtte

utviklingen dersom materiellet/læremidlene kan brukes av flere.

Søknadsskjema: Søknad om tilskudd til særskilte tilrettelagte læremidler og materiell

Universell utforming

Alle nye læremidler har nå krav om universell utforming i henhold til Forskrift om universell utforming av IKT-løsninger. Utdanningsdirektoratet stiller samme krav til materiell til barnehager.

Prioritering 2019

Videreutvikling av eksisterende materiell og læremidler, slik at de tilfredsstiller kravene til universell utforming. Læremidler med mange aktive brukere vil bli prioritert.

Søknadsskjema: Søknad om tilskudd – universell utforming

Smale fagområder

Prioritering 2019

A: I yrkesfaglig utdanningsprogram prioriteres nye læremidler til Vg1 som skal være klare til skolestart i 2020:

- Design og tradisjonshåndverk
- IKT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Frisør, blomster- og interiørdesign

B: I studieforbereende utdanningsprogram prioriteres nye læremidler til Vg1 som skal være klare til skolestart i 2020:

- Idrettsfag

- Medier og kommunikasjon

C: Det prioriteres revisjon av et eksisterende læremiddel innenfor fag med elevkull under 3000 elever/lærlinger på landsbasis. Revisjonen skal tjene følgende formål (ett eller begge):

- Revisjonen skal bringe læremidlet i tråd med nye læreplaner.
- Revisjonen skal digitalisere læremidlet.

Søknadsskjema: Søknad om tilskudd til læremiddel for smale fagområder



Parallellutgivelser

Prioritering 2019

Rammer for denne kategorien settes av elevtallsgrenser som framgår av søknadsskjemaet. Det er ikke gitt prioriteringer med hensyn til fag og trinn.

Læremiddeltilskudd – parallellutgivelser 2019

Vi gir tilskudd til å produsere nynorskutgaver av tidligere produserte læremidler og prioriterer digitale læremidler.

Søknadsskjema: Søknad om tilskudd til parallellutgaver i læremidler

